



---

## Notat

---

Til: Jarle Landås

Kopi til:

Saksbehandler: Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim og Radøy/Kristine Skaiaa Born

Vår referanse: 15/1813 - 1 /

Dato: 25.09.2015

---

### Emne: Informasjon om kommunens handtering av bilvrak

#### Tilgjengelge ressursar

I Radøy kommune er 10 % av Kristine Borns stilling avsatt til bruk på miljø saker. Dette skal dekke sakshandsaming knytt til dei viktigaste (akutte, store, synlege) sakene i kommunen. Til dømes bosdumpinga på Nordanger.

#### Handtering av bilvrak

Handtering av bilvrak er eit av Fylkesmannen i Hordaland sine fokusområder i 2015 og kommunen mottok 25/2/2015 ei oppmoding om å bruke dei ulike regelverka for å få bukt med opphoping av bilvrak i kommunen (Brev vedlagt). I same brev ba fylkesmannen og om ei tilbakemelding på korleis bilvrak handterast i kommunen og korleis innbyggjarane vart informert om handtering av bilvrak. Kommunens svar (JP.15/5376) ligg ved og gjer rede for våre rutiner.

#### Fremdrift 2015

Sidan januar 2015 har landbrukskontoret handtert 8 nye saker om ureining. Av desse gjaldt 2 bilvrak. Det er og nokon saker kor kommunen følger opp rydding av bilvrak/skrot, per d.d. har vi 3 slike saker. Vi har og hatt ei oppryddingssak kor kommunen vart kontakta om hjelp til opprydding av eit turområde.

Arbeidet med ureiningsaker krever mye tid og ressurser frå sakshandsamar sia dei ofte er konfliktfylt og kostbare. Det krevst ofte at man er ute på synfaring og her bør man stille 2 stk. Etter synfaring og varsel om pålegg er det ofte ei form for mekling før ein kjem fram til ein plan for opprydding. Oppfølging av plan for opprydding og kontroll av gjennomført arbeid er og tidkrevande.

I tillegg til konkrete saker bør det jobbes med holdningsbygging og informasjon. Dette er ressurskrevande og ein har ikkje nok tid til å kunne prioritere det i stor nok grad.